



ULLENSVANG HERAD



Kultur og Kyrkjedepartementet

Pb. 8030 Dep

0030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.

07/216-4

Arkiv

N-233/

Dato:

24.04.2007

Melding om vedtak - Bibliotekreform 2014

Saka Bibliotekreform 2014 var oppe til politisk handsaming i Ullensvang heradsstyre 19.03.2007

Det vart fatta fylgjande vedtak i saka:

HST-019/07 VEDTAK:

Ullensvang herad sender høyringsuttale til bibliotekreform 2014 slik vedlegget viser, med fylgjande endring i setningen etter pkt. 2.1 i høyringsuttalen:
Ullensvang herad kan ikkje støtta tanken om konsoliderte bibliotek.

Med helsing
Ullensvang herad


Monica Hagen Hereid
1. sekretær

Sakshandsamar sin tlf: 53 67 15 00
Sakshandsamar si e-postadr.: mhhe@ullensvang.herad.no

Vedlegg: Høyringsuttale til bibliotekreform 2014 frå Ullensvang herad

Kopi til:
Dyrnesli Inger



Hardanger

Postadr.:
5780 KINSARVIK

Telefon:
53 67 15 00

Telefaks:
53 67 15 01

Bankgiro:
3450.19.70400

E post:
postmottak@ullensvang.herad.no

Høyringsuttale til Bibliotekreform 2014 frå Ullensvang herad

Biblioteka møter nye utfordringar i ei digital tid og treng strategiar og tiltak for å møte utviklinga. Utgreiinga opnar for tiltak som vil gje eit heilt nytt biblioteklandskap. Me sluttar oss til målsetjingane i utgreiinga og ser at det er svært mange positive tiltak i Bibliotekreform 2014. Me håpar at tilgang til alle ressursar uavhengig av bustadkommune og utdanningsinstitusjon eller arbeidsplass vert ein realitet i det nye Noregsbiblioteket.

I høyringsuttalen har Ullensvang herad valt å fokusera på Målområde 2 Struktur og organisering og særleg på 2.1.

2.1. Etablere sterkare og meir kompetente folkebibliotek gjennom ein konsolideringsprosess som omfattar bibliotek i fleire kommunar.

Ullensvang herad kan ikkje støtta tanken om konsoliderte bibliotek. Me er redd for at dette vil føra til ytterlegare utarming av biblioteka i småkommunane og svekking av bibliotek som alt har lite ressursar. Det vil i så fall vera i strid med målsetjinga i bibliotekutgreiinga om betre bibliotektenester til alle. Dersom fagkompetanse og andre ressursar vert kanaliserte til dei konsoliderte einingane, vil mindre einingar få problem med vekst og utvikling. For stor avstand til biblioteket vil gjera at folk ikkje har eit reelt tilbod, dei vil bruka biblioteket mindre og biblioteka vil truleg missa mange brukarar. Me er også usikre på korleis eigarskap og organisering vil bli for det konsoliderte biblioteket.

Bibliotek er eit tilbod folk hittil har vore sikker på at dei får når dei flytter til ein liten kommune der det kan vera få andre kulturinstitusjonar. Me ynskjer at det framleis skal vera slik. Biblioteket bør vera langt meir enn å låna bøker også i små kommunar.

Det er bra at utgreiinga legg opp til styrka kompetanse i biblioteka. Me ynskjer også at det blir opna for ein breiare kompetanse, det som blir rekna for bibliotekkompetanse i dag er for snevert. Me vil støtta det som utgreiinga nemner om auka samarbeid og samordning mellom folkebibliotek og skulebibliotek. Dette kan gje auka stillingsstorleikar, meir kompetent og stabilt personale i kommunane.

Me er samde i at det trengst meir samarbeid mellom biblioteka, dette kan gje betre utnytting av ressursane og betre tenester til publikum. Det trengst meir samarbeid mellom ulike bibliotektypar i same kommune og mellom ulike bibliotek i regionen. Dette vil også gje meir arbeidsfellesskap og større miljø for dei tilsette. Eit slikt samarbeid er med hell prøvd mellom anna i Nordhordland der det er laga forpliktande samarbeidsavtalar mellom biblioteka. Me trur denne modellen høver betre for oss enn den konsolideringsprosessen det vert lagt opp til frå ABM-utvikling. Utvikling av gode biblioteklokale og samlokalisering med aktuelle institusjonar som t.d. museum er aktuelt også for oss, så investeringsprogrammet for nye biblioteklokale bør difor ikkje berre vera for dei konsoliderte biblioteka.

Under punkt 2.1 er det svært positivt at det er teke til orde for å setja i verk eit program for skulebibliotekutvikling. Programmet skal ta utgangspunkt i ei nærare vurdering av kva funksjonar skulebiblioteka skal ha i ei meir digital framtid, vurdering av ressurs og kompetansebehov og av samarbeid mellom folke- og skulebibliotek. Skulebiblioteka er eit forsømt område i mange kommunar og treng eit slikt program. Det vert i tillegg fremja forslag om å styrkja kravet til skulebibliotek i opplæringslova, noko som også er svært bra.